




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jan Vidar Voster

Fråsegn - Alver - 110/5 - Syslak - deling - dispensasjon

Vi viser til brev av 05.07.21. Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå kommuneplanen sin arealdel og pbl. § 1-8, til frådelling av nausttomt. Arealet som det vert søkt dispensasjon for er på om lag 100 m². Arealet ligg i uregulert område sett av til LNF-føremål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.



Vurdering:

Grunnlaget for Statsforvaltaren si vurdering er dei føringane som ligg i det generelle strandsonevernet (jf. pbl. § 1-8). Det må leggjast vekt på om dispensasjon kan verka negativt i høve til kravet om å sikra viktige strandsoneverdiar i planlegginga, både når det gjeld tilgjenge for ålmenta og det å sikre viktige landskaps- og naturverdiar. Kommunen kan som kjent ikkje gje dispensasjon dersom desse verdiane vert sett vesentleg til side og dersom ikkje nytten av tiltaket, først og fremst i eit ressursdisponeringsperspektiv, er større enn ulempene.

Nausttomta som er søkt frådelt skal høyra til gnr. 110, bnr. 30 som vart delt i frå hovudbruket i 2018 i samband med sal av garden. Vi hadde ingen merknader til denne frådellinga. Vi er derimot kritisk til frådelling av ei nausttomt som omsøkt.



Sjølv om eigendommen ligg utanfor omsynsonene i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, har ein allereie i kommunedelplanen, avklart kor ein kan føra opp naust i desse områda, gjennom LNF-spreidd naust. Det er uheldig om ein skal opna opp fleire naust, enn kva ein har tillate gjennom overordna plan. Dette vil på sikt føra til at planen vert uthola og mistar sin funksjon som eit overordna styringsreiskap.

Ut ifrå vårt kartsystem ser området kor tomta er omsøkt, til å vera særst bratt og kupert. Ei frådeling av ei nausttomt vil gje ei forventning til å kunne oppføra eit naust på tomta i etterkant. Ut ifrå tilsendt dokumentasjon vert tomta 10 x 10 meter. For å få plass til eit naust her, må ein sprenga og planera tomta, slik at ho kan byggast på. Dette vil såleis føra til store skjeringar i fjellet og ein markant og irreversibel endring av landskapet. Etter vår vurdering vil dette redusera kvaliteten på landskapet og på natur- og friluftsverdiane innanfor området. Sjølv om området og strandsona her dels er bygd ut, tykkjer vi at plasseringa av nausttomta er særst uheldig og kan ikkje sjå at det er naudsynt at tomta må plasserast akkurat her.

Vi minner også om at området ligg i sone 2 i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Her skal det svært mykje til for å gje dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona og prinsippet om at strandsona må forvaltast gjennom overordna planlegging står sterkt.

Statsforvaltaren rår på bakgrunn av ovannemnte i frå at det vert gjeve dispensasjon til frådeling av nausttomt som omsøkt.

Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Statsforvaltaren i Vestland for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent